
Saksnr: 2022/1129-10**Saksbehandlar:** Bjørnar Tjoflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovedutval for næring		10.12.2021
Fylkesutvalet		09.02.2022

Høyring av revisjonsdokument for Steinslands- og Modalsvassdraget

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune rår til følgjande tiltak i vassdraget:
 - NVE må vektleggje fråsegna frå kommunane, grunneigarlag og organisasjonar som er råka av reguleringa. Dette omfattar:
 - a) Det må gjerast tiltak som hindrar smolten i å fylgje vasstraumen inn til kraftverka.
 - b) Det må sleppast minstevassføring heile året frå Holmura til Hellandsfossen av omsyn til fiskevandringa.
 - c) Fisketrappa må vere open heile året for å sikre ei trygg nedvandring for fisken.
 - d) Det må gjerast førebyggjande tiltak for å hindre fisk på vandring opp elva i å bli ståande i kraftverksutlaupet.
 - e) Tiltak må gjerast for å hindre tørrlegging av elvestrekninga Helland – Mo.
 - f) Det bør gjerast tiltak i elva for å hindre sedimentering av elvebotnen og tiltaka bør ha ein viss frekvens.
 - g) Det bør setjast i gong kultiveringstiltak for å ivareta sjøaurestamma i vassdraget.
 - h) Det bør gjerast tiltak for å hindre spreining av artar mellom vassdrag. Overvaking og tiltak for å fjerne ikkje-tilhøyrande artar bør prioriterast.
 - i) Modalen kommune ynskjer at temperaturen i Modalsvassdraget skal følgje dei naturlege svingingane gjennom året. I dag kjem kaldt vatn frå botnen av Stølsvatnet som gjer at vatnet i elva er kaldt om sommaren og varmt om vinteren. Tiltak må gjerast for å utbetre dette.
 - Regulanter må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader i elva.
 - Regulanter må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam oppstått i samband med reguleringa.
 - Det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.
 - Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
 - Det må gjerast målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.
 - Ein må gjera tiltak for å få fisketrappa i Hellandsfossen til å fungera slik at ein får laks heilt opp til Steinslandsvatnet slik ein har forutsett med kalking av elva og reetablering av laksestamma.

2. Vestland fylkeskommune ber NVE stille krav om at det vert gjort ei kulturminneregistrering i revisjonsområdet. Ei slik registrering vil omfatta kulturminne på land og kulturminne som er neddemt/under vatn.
3. Vestland fylkeskommune ber om at laksetrappa og mest mogeleg av det teknisk-industrielle kulturmiljøet knytt til Hellandsfossen vert bevart, og følgt opp konstruktivt i konsesjonsvurderinga til NVE.
4. Vestland fylkeskommune ber om at NVE legg til rette for vidare dialog mellom konsesjonshavar og kulturminnemynda for å få avklart kulturminneverdiane i konsesjonsområdet.
5. Vi ber om at nye vilkår ikkje er eit hinder for at regulanten kan drive flaumdemping gjennom aktiv regulering før og under store tilsigseepisodar.
6. Krav om vedlikehald og offentleg bruk av anleggsvegar i fjellet må vidareførast så langt dette ikkje er i konflikt med omsynet til villreinen. Tida vegane brøytast og er tilgjengelege må sjåast i samanheng med villreinen sin bruk av dei ulike områda. Ev. stenging må skje gjennom adaptiv forvaltning der veg kan stengast med bom ved avgjerande periodar for aktiviteten til villreinen. Vegen skal likevel vedlikehaldast.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har føreslår mange punkt som bør inkluderast i reviderte vilkår. Fyrst ber vi NVE vektleggje fråsegna frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar. Fleire av punkta elles går på krav om minstevassføring og fysiske tiltak for å betre miljøet i dei regulerte elvane. I tillegg ber vi om omfattande kartlegging av kulturminneførekomstar i revisjonsområdet. Mogelegheita for flaumdemping må ivaretakast. Vi har òg bede om vidareføring av krav til vedlikehald av anleggsvegar og adaptiv villreinforvaltning.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka skal Vestland fylkeskommune vedta fråsegn til høyringa av eit revisjonsdokument som er utarbeidd av BKK i revisjonen av vilkåra for konsesjonen for Steinslands-/Modalsvassdraget. Det er NVE som har sendt dokumentet på høyring og skal vurdera fråsegna som kjem inn i saka.

NVE skriv følgjande om vilkårsrevisjon på sine nettsider: «hovedformålet med en revisjon vil være å bedre miljøforholdene i regulerte vassdrag. Kjernen i en revisjon vil være å avveie dette formålet opp mot formålet med selve konsesjonen, som er kraftproduksjon. Revisjonsadgangen er ment å innebære en modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkårene, blant annet når det gjelder miljø. Den nye konsesjonen skal gjelde for de neste 30 år.» Det er viktig å påpeika at det er stor avstand mellom kva det var krav til av utgreiing og avbøtande tiltak for å få konsesjon før samanlikna med kva det er krav til no. Konsesjonsvilkår som kan krevjast revidert no er oftast godt over 50 år gamle. Ajourføring av vilkår betyr at nye vilkår skal ta alle omsyn som krevjast av tilsvarande moderne konsesjonar.


Januar 2019 bad NVE kommunane Voss, Vaksdal, Vik, Modalen, Kvam og Høyanger utgreia eventuelle ynskje om å fremje krav om vilkårsrevisjon etter innkomne krav frå m.a. Forum for Natur og Friluftsliv, Eksingedalen Bygdaråd og Stiftelsen Voss Klekkeri. Kommunane sendte 05.06.2019 eit felles kravdokument om vilkårsrevisjon for Modalsvassdraget, Eksingedalsvassdraget, Teigdalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget med Torfinnsvatnet. Modalen kommune har òg stilt egne krav i brevet. I tillegg sendte kvar kommune i juni 2019 inn sine spesifikke krav med vedlagte koordinerte krav frå alle kommunane. Statsforvalteren i Vestland og Villreinutvalet har òg stilt krav.

På bakgrunn av krava har BKK utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna skildrar reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Krava frå kommunane er kommenterte av BKK i revisjonsdokumentet. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår. Denne saka gjeld vilkår knytt til konsesjonar i Steinslands- og Modalsvassdraget.

Viktige problemstillingar i denne vilkårsrevisjonen er krav om minstevassføring, flaumdemping, kraftproduksjon, villrein og utgreiing av kulturminneførekomstar.

Oversikt og områdeskildring


Utbygginga ligg i kommunane Modalen, Vaksdal, Høyanger og Vik i Vestland fylke. Kartet under viser nedslagsfeltet til aktuelle konsesjonar.



Kart over nedslagsfeltet til regulert område.

Landskapet i området er skildra av Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (sjå figuren under):

- 15-«vassdraga er ofte korte og bratte med hyppig førekomst av fossar og stryk. Storsamfunnet sin bruk av regionen har vore omfattande, noko me kan sjå i form av store damanlegg og kraftgater».
- 22-«Rennande vatn er eit gjennomgåande karaktertrekk, og sidedalane især har ofte tronge gjel eller høge tersklar som elvane kastar seg utfor. Slørete fossefall, og hastige stryk er utbreidd, og lyden av rennande vatn pregar mange natur- og kulturmiljø i dalbotnane»



- 15. Lågfjellet i Sør-Norge
- 22. Midtre bygder på Vestlandet

(Kilden kart/NIBIO) Landskapsregionar.

Vassdrag og minstevassføring

Om vassdirektivet på NVE sine nettsider om revisjon av konsesjonsvilkår: «EUs rammedirektiv for vann (vanndirektivet) og den norske vannforskriften er sentrale i revisjonsprosessen. De lokale tiltaksanalysene samt forvaltningsplanene gir nyttige innspill til prioriteringene av miljøhensyn og hvilke tiltak som bør vurderes i revisjonen. Revisjon av konsesjonsvilkår vil være et sentralt virkemiddel for å forbedre miljøtilstanden, som er et hovedmål i vannforskriften. Revisjonsprosessen bør derfor samordnes med vanddirektivarbeidet så langt det er mulig og hensiktsmessig.»

Minstevassføring er eit viktig krav i denne revisjonen. Meir nedbør vil gje auka kraftproduksjon som òg må kome elva til gode. Ikkje berre regulanten. Tapet av kraft, som BKK skisserer ved slepp av minstevassføring, vil verte mindre grunna auka tilsig. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justerast for å få optimale tilhøve for livet i vatnet. Ein slik prøveperiode vil gje eit mykje meir nøyaktig reknestykke for tapte kraftinntekter i eit klima i endring.

Fylkestinget i Hordaland har i vassdirektivet sin tiltaksplan for Hordaland 2016-2021 prioritert tiltak knytt til slepp av minstevassføring i Stølselva og ved samløp Norddalselva, samt problemkartlegging av fisk i magasina.

Utbygging og overføringar i vassdraget

Steinslands-/Modalsvassdraget har utspring i Stølsheimen og har eit naturleg areal på om lag 359 km². Størstedelen av nedbørfeltet ligg i Modalen og Vaksdal kommunar, medan ein mindre del ligg i Vik og Høyanger kommunar. Det er fleire sideelvar og bekkar i vassdraget. Nokre av dei største er Norddalselva og Stølselva som renn saman oppstraums Steinslandsvatnet, Krossdalselva som renn saman med Moelva like nedstraums Steinslandsvatnet, og Budalselva som har samlaup med Moelva ved Nedre Helland.

I 1973 fekk BKK for fyrste gong avslag på ein konsesjonssøknad her. Reguleringsområdet ligg i Stølsheimen, og BKKs planer ble møtt med protester frå verneinteresser. Saken vart anka, og det vart sommaren 1975 gjeve konsesjon til ei mindre utbygging enn det som var skissert i dei opphavelege planane. Utbygginga starta same år, og Steinsland kraftverk vart sett i prøvedrift i 1980 og ordinær drift frå 1981.

Steinsland kraftverk har installert effekt på 2x 85 MW og slukeevne på 41 m³/s. Årsmiddelproduksjonen er på 821 GWh. Vatnet til kraftverket kjem frå to takrennetunneler, ein frå nordsida av området inntil Stølsvatnet, og ein frå sørsida av området som leier bekkar inn på driftstunnelen. Stølsvatnet ligg som sentralt magasin i systemet.

Holskardvatnet vart overført til Evanger kraftverk allereie i 1976 og i 1984 vart Kvanngrovvatnet og Øvre Sjørdalsvatnet overført til Holskardvatnet og nyttast i Evanger kraftverk.

Hellandsfoss kraftverk vart sett i drift i 1992. Kraftverket er det nedste i vassdraget og har inntak ved Almelid. Ved Almelid er det ein gummidam for å sikre stabil vasstand ved inntaket. Mellom Almelid og kraftverket er det 70 m fall. Kraftverket har installert effekt på 35 MW, og har årsmiddelproduksjon på 160 GWh.

I 1994 vart Åsebotn kraftverk sett i drift for å utnytte falla ned mot Stølsvatnet. Kraftverket har to inntaksmagasin i ulik høgde, Store Norddalsvatnet og Nedre Åsebotnvatnet. Kraftverket har installert effekt på 15 MW og har årsmiddelproduksjon på 74 GWh.

Nygaard kraftverk er eitt av få pumpekraftverk i Noreg og BKKs fyrste og einaste. Pumpekraftverket vart sett i drift i 2005. Pumpekraftverket produserer kraft når prisane er høge og pumpar vatnet opp i magasinet Skjerjavatnet igjen når prisane er låge. Med denne utvidinga i Modalen fekk vassdraget overført magasinet Skjerjavatn frå Eksingedalsvassdraget. Skjerjavatnet kan i ekstraordinære situasjonar tilbakeførast til Evanger kraftverk. Nygaard kraftverk har installert effekt på 56 MW, og har årsproduksjon på i snitt 138 GWh. Gjennomsnittleg pumpeforbruk er 47 GWh. Nettoproduksjon i Nygaard pumpekraftverk er då 91 GWh.

Lokale krav i vassdraget

Modalen kommune er opptatt av at arbeidet som vert gjort med re-etablering av laks og kalking av Modalselva skal lukkast. Kommunen meiner innspela frå Modalen elveeigarlag utgjer eit godt grunnlag for dei krava som må vurderast ved revisjon av vilkåra:

- Smolten som produserast i områda ovanfor Hellandsfossen risikerer å gå gjennom kraftverket og ikkje overleva. Det må gjerast tiltak som hindrar smolten i å fylgje vasstraumen inn til kraftverka.
- Det må sleppast minstevassføring heile året frå Holmura til Hellandsfossen av omsyn til fiskevandringa.
- Fisketrappa må vere open heile året for å sikre ei trygg nedvandring for fisken.
- Det må gjerast førebyggjande tiltak for å hindre fisk på vandring opp elva i å bli ståande i kraftverksutlaupet.
- Tiltak må gjerast for å hindre tørrlegging av elvestrekninga Helland – Mo. Ved brå driftsstans i Hellandsfoss kraftverk. Slike episodar vil kunne drepe store deler av yngelproduksjonen i elva.
- Det bør gjerast tiltak i elva for å hindre sedimentering av elvebotnen og tiltaka bør ha ein viss frekvens.
- Det bør setjast i gong kultiveringstiltak for å ivareta sjøaurestamma i vassdraget.
- Det bør gjerast tiltak for å hindre spreing av artar mellom vassdrag. Overvaking og tiltak for å fjerne ikkje-tilhøyrande artar bør prioriterast. Det gjeld vandring av røye frå Skjerjevatnet gjennom Nygaard pumpekraftverk.
- Modalen kommune ynskjer at temperaturen i Modalsvassdraget skal følgje dei naturlege svingingane gjennom året. I dag kjem kaldt vatn frå botnen av Stølsvatnet som gjer at vatnet i elva er kaldt om sommaren og varmt om vinteren. Tiltak må gjerast for å utbetre dette.

Fisketrapper

I 1983 vart det bygd fisketrapp i Hellandsfossen, heimla i Steinslandskonsesjonen I 1992. I 2005 vart ytterlegare to fisketrapper bygd ved høvesvis gummidammen og Rekefossen, heimla i konsesjonane for Hellandsfoss og Nygard. Etter at fisketrappene var bygd skulle laks og sjøaure ha tilgang til heile elvestrekninga på 25 km, som strekkjer seg forbi Steinslandsvatnet eit stykke opp i Norddalselva og Stølselva. Dette ville auke produksjonsarealet med 206 %. Nyare undersøkingar av fisketrappa ved Hellandsfossen tyder på at fisken slit med å kome opp i området over opphaveleg anadrom strekning trass i at vart gjennomført en del justeringar av trappene i perioden 2011-2013.

BKK ynskjer å fjerne fisketrappa ved Hellandsfossen og tilpasse slepp av minstevassføring frå dammen ved Almelid etter dette. BKK vil føreslå minstevassføring frå Almelid etter nærare vurderingar av pågåande undersøkingar. Undersøkingane vil etter planen utførast i 2021-2022.

Fylkeskommunen meiner at ein må gjera tiltak for å få fisketrappa i Hellandsfossen til å fungera slik at ein får laks heilt opp til Steinslandsvatnet slik ein har forutsett med kalking av elva i 2016 og reetablering av laksestamma.

Det er bygd tersklar både i hovudvassdraget og i Krossdalselva. Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.

Gassovermetting

Statsforvalteren i Vestland har fremja generelt krav om at konsesjonæren må identifisere vassdrag der luftovermetting kan vere ei problemstilling, og beskrive kva som er gjort eller gjort for å hindre luftovermetting.

Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.

Turisme, friluftsliv og fiske i vassdraget

Fisking etter sjøaure og laks i Moelva har dei seinare åra vore svært moderat sidan bestandane har vore låge. I periodar har dei vore freda. Det er store forventingar til at laksebestanden skal ta seg opp etter at det er starta opp kalking av vassdraget. Det er i tillegg planta rogn i vassdraget siden 2014 for å reetablere laks. Det vert fiska etter brunaure i vassdraget, men bestandane er småfalne. Det

rapporterast om at ein og annan kilosfisk i Steinslandsvatnet/Straume. Det er røye i Skjerjavatnet, men det er ikkje kjent at det er utbreidd fiske her.

Tiltak som må gjennomførast i vassdraget

Oppsummert rår vestland fylkeskommune til følgjande tiltak i vassdraget:

- NVE må vektleggje fråsegna frå kommunane, grunneigarlag og organisasjonar som er råka av reguleringa. Dette omfattar:
 - a) Det må gjerast tiltak som hindrar smolten i å fylgje vasstraumen inn til kraftverka.
 - b) Det må sleppast minstevassføring heile året frå Holmura til Hellandsfossen av omsyn til fiskevandringa.
 - c) Fisketrappa må vere open heile året for å sikre ei trygg nedvandring for fisken.
 - d) Det må gjerast førebyggjande tiltak for å hindre fisk på vandring opp elva i å bli ståande i kraftverksutlaupet.
 - e) Tiltak må gjerast for å hindre tørrlegging av elvestrekninga Helland – Mo.
 - f) Det bør gjerast tiltak i elva for å hindre sedimentering av elvebotnen og tiltaka bør ha ein viss frekvens.
 - g) Det bør setjast i gong kultiveringstiltak for å ivareta sjøaurestamma i vassdraget.
 - h) Det bør gjerast tiltak for å hindre spreiding av artar mellom vassdrag. Overvaking og tiltak for å fjerne ikkje-tilhøyrande artar bør prioriterast.
 - i) Modalen kommune ynskjer at temperaturen i Modalsvassdraget skal følgje dei naturlege svingingane gjennom året. I dag kjem kaldt vatn frå botnen av Stølsvatnet som gjer at vatnet i elva er kaldt om sommaren og varmt om vinteren. Tiltak må gjerast for å utbetre dette.
- Regulanter må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader stader i elva.
- Regulanter må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam oppstått i samband med reguleringa.
- Det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.
- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
- Det må gjerast målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.
- Ein må gjera tiltak for å få fisketrappa i Hellandsfossen til å fungera slik at ein får laks heilt opp til Steinslandsvatnet slik ein har forutsett med kalking av elva og reetablering av laksestamma.

Flaum

Holskardvatnet høyrer saman med Evangerkonsesjonen. Vatn overførast såleis frå nedbørsfeltet til Modalsvassdraget til Evangervassdraget. Ved stort tilsig og overrenning går vatnet likevel ned i Stølsvatnet og Modalsvassdraget. Overrenning i Holskardvatnet er skjeldan, sist rann det over hausten 2020 og før det var i 2007. BKK meiner overrenning har lita flaumeffekt nedstraums Steinsland.

Villrein


Fjellheimen villreinområde er ikkje omfatta av regionale planar for villrein, utarbeidd av fylkeskommunane. Næraste regionale plan er Nordfjella og Raudafjell, der Raudafjell er ganske tett på, men likevel avskore i dalane/fjordane der E16 går.

Ei rekke inngrep og uromoment påverkar reinen i Fjellheimen negativt, og det er viktig å poengtere at det er summen av inngrep og naturgitte forhold som til slutt vert avgjerande for effektane på reinen (Villreinen i Fjellheimen. Status og sårbare habitat. NINA Rapport nr. 411). Dei tyngste inngrepa i Fjellheimen er forårsaka av kraftutbygging, veg- og hytteutbygging. Ved utbygging av vasskraft følgjer anleggsveggar som ofte vert permanente etter at utbygginga er slutført. Dette fører til meir ferdsel, både på vegane, og ferdsel i terrenget, då kraftvegane gjer fjellet meir tilgjengeleg for friluftsliv.


Det er observert ein aukande bruk av anleggsvegane som utgangspunkt for menneskeleg ferdsel i villreinområdet. Som figuren under viser, er det ei rekke tradisjonelle villreintrekk som er tapt grunna oppdemde vatn. Desse er det liten rå å gjere noko med. Men det eksisterer òg god kunnskap knytt til

eksisterande trekk i område som ikkje er direkte forringa av oppdemming, men som likevel er/kan bli sterkt påverka grunna tilhøyrande anleggsveggar. Auka allmenn ferdsle på desse vegane vil ytterlegare kunne påverke villreinen negativt. Det er totaliteten av inngrep i eit villreinområde som avgjer korleis reinen kan nytta sine opphavlege habitat. Det er difor viktig at tiltakshavar/konsesjonær faktisk bidreg til å skape eit kunnskapsgrunnlag om total påverking av villreinområde og dyra sine moglegeheiter til å utnytte leveområdet sitt.

Det er ei klar forventning om at konsesjonær lener seg på fagrapportane og fagnotata som er utarbeidd (til dømes Notat: Reguleringar for Evanger kraftverk og i Modalsvassdraget; Verknader på villrein og moglege avbøtande tiltak, Sogn Naturforvaltning, 02.06.2019). Vi viser til §§ 8-11 i Naturmangfaldslova.



Leveområda til villreinen i Fjellheimen (henta frå NVS RAPPORT 28/2020)



Trekkruiter og potensielle område for avbøtande tiltak (raud indikerer topografi)

Det er likevel særleg ferdsel knytt til anleggsvegar som det i dag er mogleg å eventuelt gjere noko med gjennom vilkårsrevisjon. I revisjonsdokumenta vert det sagt at BKK samarbeider tett med Villreinnemnda, og sitt i referansegruppa i kartleggingsprosjekt av villrein i regi av Villreinutvalet. BKK er soleis godt kjend med utfordringsbiletet knytt til villrein, og i tett dialog med aktuelle aktørar. Konesjonær foreslår mellom anna ei endring i vilkår- og manøvreringsreglementet knytt til anleggsvegane som «... Konesjonæren har rett til å stenge egne anleggsveier for allmennheten, når sikkerhet ikke er tilstrekkelig til at andre brukere bør benytte veien, eller det er til fordel for villreinen». Som tidlegare nemnd er anleggsvegar og ferdsla knytt til desse eit avbøtande tiltak som vil kunne ha god effekt.

Fylkeskommunen understrekar at dei opne anleggsvegane har vore til stor nytte glede for grunneigarar og friluftsfolk for å komma seg til fjells. Krav om vedlikehald og offentleg bruk av anleggsvegar i fjellet må vidareførast så langt dette ikkje er i konflikt med omsynet til villreinen. Tida vegane brøytast og er tilgjengelege må sjåast i samanheng med villreinen sin bruk av dei ulike områda. Ev. stenging må skje gjennom adaptiv forvaltning der veg kan stengast med bom ved avgjerande periodar for aktiviteten til villreinen. Vegene skal likevel vedlikehaldast.

Fylkeskommunen forutsett eit tett samarbeid mellom konesjonær, grunneigarar og villreinstyresmakter i vidare prosess.

Kulturminne

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv har vurdert det kulturminnefaglege ved saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

I revisjonsdokumentet kap. 3.7.2 viser BKK til at det ikkje er kjent kulturminne som er direkte berørt av utbygginga, men at det er kjent fleire kulturminne i nedre del av Modalen. Fylkeskommunen si vurdering for kulturminneverdiar gjeld nedslagsfeltet for anlegget dekkja av vilkårsrevisjonen, jamfør kart på side 12, figur 10 i revisjonsdokumentet.

På austsida av Holskardvatnet vart det i 1973 registrert to kulturminne med uavklart status (id. 141949 og 141950), desse vart kontrollregistrert i 2011. Vidare er det fleire andre uavklarte kulturminne rundt Holskardsvatnet. I Norsk villreinsenter sin rapport om fjellheimen villreinområde er det nemd dyregravar/bogestelle rundt vatnet, men opplysningane er uavklarte og har ikkje ein kvalitet som gjer at dei kan registrerast direkte i kulturminnedatabasen Askeladden.

Vestland fylkeskommune ser at store delar av området og dei fleste av dei regulerte vatna ikkje har vore gjenstand for arkeologisk registrering korkje i samband med opphavleg konesjon eller i samband med annan aktivitet i området. Det er likevel stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne knytt til førhistorisk jakt, fangst og fiske, og freda kulturminne knytt til stølsdrift.

Når status på kulturminne i området ikkje er kjent, kartfesta eller skildra vil det heller ikkje vera råd å vurdera skadeverknad eller endring av vilkår. NVE sine forventningar til høyringspart er at ein innan sitt sektoransvarsområde skal fremje tiltak, avbøtande tiltak eller vurdera om kunnskapen om problemstillingane er god nok.

Vestland fylkeskommune finn at det ikkje er tilstrekkeleg kunnskap til å vurdera kva verknad konesjonen har på kulturminne. I delar av området er det uavklarte kulturminne og kulturminne knytt til mellom anna reindrift. Delar av området har stort potensiale for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Vestland fylkeskommune vil difor be om at NVE stiller krav om at det vert gjort ei kulturminneregistrering i revisjonsområdet. Dette for å få ein oppdatert status og kunne følgje opp med avbøtande tiltak der det er trong til det. Utan dette vil ikkje me ha høve til å vurdera våre sektorinteresser i saka.

Delar av arealet som har potensiale for funn er i dag ikkje tilgjengeleg for gjennomføring av ei arkeologisk registrering då det er dekkja av vatn gjennom oppdemmingane. Ein må likevel pårekna at desse områda kan verta tilgjengelege i framtida, til dømes ved framtidig rehabilitering av demningar eller andre tiltak som krev nedtapping av magasina.

Teknisk industrielle kulturminne

Ved Hellandsfoss ligg eit vasskraftsteknisk kulturmiljø som er konsentrert og samansett. Miljøet har originalitet og god autentisitet. Enkelte mindre endringar er utført, men vi vurderer dette samla miljøet til å ha regional verdi som teknisk-industrielle kulturminne.

Kulturmiljøet:

- Hellandsfoss kraftstasjon 1954
- Mellombels kraftstasjon byggestrøm truleg 1977
- Røyrgate i tre med metallbelter
- Almelid gummidam med vassregulert gummipølse
- Laksetrapp røyrttype
- Betongdemning Hellandsfoss truleg 1954

I samband med revisjon av NVE sine kulturminneplanar er anlegget ikkje spelt inn av Vestland fylkeskommune. Samstundes er feltet for stort til å få full oversikt over. Både gummidam og laksetrapp er nye element som gjev kulturmiljøet meirverdi i høve til våre tidlegare innspel. Vi er ikkje kjent med at gummidammar og laksetrapp er kartlagt og verdisett som kulturminne av NVE. Hadde vi visst dette i arbeidet med revisjonsprosjektet ville vi vurdert å spele inn Hellandsfoss kulturmiljø som kandidat for listeføring.

Kraftstasjonen er oppført i Modalen kommune sin kulturminneplan, kategori B og bør vernast etter plan- og bygningslova. Saman med røyrgata og mellombygget er dette eit flott bygdekraftverk i god stand som framleis produserer straum. Gummidammen skal være den fyrste i landet av denne typen, påstanden er ikkje undersøkt nærare. Laksetrappa er svært interessant, og røyrtypen er uvanleg. Den har ein stor verknad i landskapet og syner den tidlegare store framtidsoptimismen knytt til lakseturisme og sportsfiske i Modalen og landet elles. Laksetrappa er løfta fram i Miljødepartementet sin publikasjon «Fisketrapp i Norge» som representant for denne uvanlege typen – rørtrapp. Gummidammen på Almelid har som den kanskje første av sin type, kulturminneverdi.

Samla vurdering

Me vurderer at dette samla kulturmiljøet har høgare verdi enn det det er vurdert til i kulturminneplanen i planen til Modalen kommune. Dette grunna den framtrekande visuelle verknaden det har i landskapet. NVE må difor leggje til grunn at kulturmiljøet har regional verdi i konsesjonsrevisjonen. Som heilskap har kulturmiljøet regional kulturminneinteresse og vi ynskjer nærare undersøkingar. Vi har ikkje vore på staden, og ber om synfaring snarleg slik at sakshandsaminga ikkje hindrast. BKK har innstilt til riving av laksetrappa. Kulturminneverdien er ikkje teke omsyn til i innstillinga, grunna kunnskapsmangelen i feltet. Vestland fylkeskommune meiner laksetrappa bør og kan bevarast.

Vestland fylkeskommune ber om at laksetrappa og mest mogeleg av det teknisk-industrielle kulturmiljøet knytt til Hellandsfossen vert bevarast, og følgt opp konstruktivt i konsesjonsvurderinga til NVE. Vi ber om dialog om vegen vidare, for ei løysing alle kan vere tent med.

Marinarkeologi

Då saka omfattar areal i vatn og vassdrag har den vore sendt til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet har følgjande uttale til saka:

«Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Me vurderer området som interessant i forhold til kulturminne under vatn, spesielt relatert til fangst (eg. fiskefeller eller ålefeller), men ser ikkje at endringane som vurderast vil kunne få betydelege konsekvensar for eventuelle marine kulturminne slik dei no er tenkt. Dersom det ved eit seinare høve blir aktuelt med større tiltak i vassdraga ber vi dykk kontakte Bergens sjøfartsmuseum for uttale.»

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

I denne saka må ein vurdera og vekta ulike økonomiske interesser mot kvarandre. BKK og samfunnet tener godt på at BKK produserer store mengder rein kraft frå vatnet dei nyttar i kraftverka sine. I tillegg bidreg aktiv styring av regulerte magasin til flaumdemping. Noko som potensielt kan spare samfunnet og lokalbefolkning for store økonomiske tap i eit klima i endring.

På den andre sida medfører reguleringa konsekvensar på andre felt som ikkje like lett målast i kroner og øre. T.d. gjennom tap av natur.

Klima:

Produksjon av rein elektrisk kraft er viktig då denne i mange tilfelle kan erstatta fossile energikjelder i naudsynpte prosessar og bidra til eit betre klima.

Eit villare og våtare klima gjer at behovet for gode flaumdempingstiltak vert viktigare og viktigare. Regulerte magasin kan gjennom aktiv regulering fungere som buffer i vassdraga ved store tilsigsepisodar. Det er viktig at vilkåra i konsesjonen ikkje hindrar denne funksjonen.

Folkehelse:

Vassdraga og fjellområda i denne revisjonen vert aktivt nytta som turområde. Meir tilrettelegging for turar langs vassdraga skapar gode og tilgjengelege opplevingar i nature og bidreg til folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Denne fråsegna viser til at viss ein vektar nokon av FN sine berekraftsmål så kan det gå ut over emnar vår til å følgja opp nokon av dei andre. Her gjeld det spesielt at produksjon av rein energi (mål 7) må produserast på ansvarleg måte (mål 12) slik at det ikkje går ut over miljøet og livet i naturen (mål 15). Vi meiner dette er mogleg gjennom utforming og oppfølging av gode konsesjonsvilkår.

Konklusjon

Det produserast store mengder rein elektrisk kraft gjennom konsesjonane som har vilkåra oppe til revisjon. Vilkåra må oppdaterast. Nye vilkår må sørge for at regulanten kan produsera store mengder rein kraft utan at dette går utover naturen og miljøet. Regulanten må ha moglegheit til å fortsetta å driva flaumdemping i eit klima som vert villare og våtare.